



BARNEOMBODET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD)
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

E-post: postmottak@bld.dep.no

Dykkar ref:

Vår ref:
14/01468-2

Saksbehandler:
Camilla Kayed

Dato:
18. mars 2015

Høring - NOU 2014: 8 Tolking i offentlig sektor - et spørsmål om rettssikkerhet og likeverd

Barneombodet takker for moglegheita til å komme med innspel til NOU 2014:8. Vi har vore engasjerte i tolkespørsmål i lang tid, og har vore bekymra for bruken av barn som tolk. Vi er difor glade for at det har kome eit forslag om å forby bruk av barn som tolk, og at det i NOU 2014:8 kjem forslag om store og tydelege grep for å sikre rettstryggleiken til borgarane.

Barneombodet meiner tolkeutvalet har gjort eit godt arbeid og kjem med mange gode tiltak.

Generelt er vi einige med utvalet i at det er viktig at tolketenestane blir styrkte ved at det blir stilt strengare krav til dei tolkane som blir brukte, at det blir laga gode retningslinjer og gode system for bestilling av tolk.

Forslaget om å gjere det mogleg å klage på tolketenesta og trekkje attende autorisasjon, er også fornuftig. Det er også viktig å styrke moglegheita for bruk av skjermtolk, og at det blir gitt god opplæring i bruk av skjermtolk.

Barneombodet støttar også styrking av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets rolle som nasjonal fagmyndighet for tolking i offentlig sektor.

Vi er også einige med utvalet i at det er fornuftig å samle reglar om tolk i ein eigen lov, og at forbod mot å bruke barn som tolk kjem inn i lov om tolketenester. Barneombodet meiner det er viktig at forbodet kjem inn i sjølve lova og ikkje blir regulert i forskrift.

Kommentarar til to særskilde tiltak

6. Fylkesnemndene for barnevernssaker bør ha et selvstendig ansvar for bestilling av tolketjenester og kvalitetssikring av tolkingen.

Dette meiner Barneombodet er sær viktig å få gjennomført. Praksis i dag er ikkje tilfredsstillande for rettstryggleiken til barn.

8. Utvikle rutiner for bestilling og bruk av kvalifisert tolk i barnehager og skoler, og gjøre disse kjent.

Det er i dag utvikla ein del rutinar i offentleg sektor for bruk av tolk. Innanfor skuleverket finst det ikkje slike rutinar. Dette må kome på plass. Skule og barnehage brukar barn til å tolke, og dette er ikkje heldig. Sjå også vårt høyringssvar til forslag om forbod mot barn som tolk.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Camilla Kayed
fagsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.